

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C10	14/2477

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
25/2014	Utval for levekår	PS	03.06.2014

Revidering av vedtekter for Meland ungdomsråd 2014

Vedlegg:

Retningslinjer for Ungdomsrådet i Meland kommune - revidering juni 2014

Endring av retningslinjer for ungdomsråd 2004

Framlegg til endringar i retningslinjer for ungdomsrådet i Meland 2012

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Retningslinjene for Ungdomsrådet i Meland blei vedtatt av kommunestyret 04.09.2002, sak nr. 077/02, med revidering vedtatt av kommunestyret 31.03.2004, sak nr. 032/04.

Tenesteområde kultur har fått ansvaret for ungdomsrådet framover, og ønskjer ei revidering av retningslinjene. Ungdomsrådet er for tida ikkje verksamt, og det er naudsynt med ein innsats for å få eit fungerande ungdomsråd i kommunen.

Vurdering

Meland kommune er ein av få kommunar i Hordaland utan fungerande ungdomsråd. I ein vekstkommune med nær 30 % av innbyggjarane under 18 år, er eit slikt råd svært viktig for gode oppvekstvilkår og god folkehelse for dei yngste i samfunnet. Tenesteområde kultur har konsultert med Meland sin kompetanserepresentant for ungdomsråd i Ungdommens fylkesting og ungdommar frå elevråda på ungdomsskulane i kommunen. Ungdommane viser eit ønskje om å ha eit godt ungdomsråd.

Retningslinjene slik dei er i dag blei vedtatt i 2002, og revidert i 2004. 2004-revideringa blei varsla i dei opphavlege retningslinjene, men det blei ikkje tatt inn nye punkt om framtidig revidering. Den 31.10.2012 vedtok ungdomsrådet å få fleire representantar frå ungdomsskulane og å betre rekrutteringa frå vidaregåande skule. No står retningslinjene fram som modne for ny revidering. Hovudpunkt i reviderte retningslinjer 2014 er å auka snittalderen i rådet, få med fleire frå vidaregåande skule og gjere valordningar og retningslinjer lettare å bruke for ungdomsrådet og elevråda i kommunen. Rådsarbeidet skal bli engasjerande, meiningsfullt og lettfatteleg, med god medverknad og opplæring for ungdom i saker som gjeld dei. Rådet skal etter kvart komme på eit nivå der representantane engasjerer seg og fører vidare den kunnskapen dei har fått til nye representantar, slik at rådet driv seg sjølv vidare. Val på nytt ungdomsråd er planlagt til september

2014.

Konklusjon

Med reviderte og oppdaterte retningslinjer står ungdomsrådet bedre rusta for framtida, og kan bli svært viktig for korleis ein kan vere med å skape gode oppvekstvilkår i Meland.

Framlegg til vedtak:

Retningslinjer for Ungdomsrådet i Meland – revidering juni 2014 blir godkjent slik dei ligg ved denne saka.

Utval for levekår - 25/2014

ULK - behandling:

Framlegg til vedtak i møtet frå Kåre Skibenes (Krf):

Utval for levekår godkjenner Retningslinjer for Ungdomsrådet i Meland - revidert 2014. Punkt 5.2, 2. avsnitt vert justert jamfør drøfting i møte.

ULK - vedtak:

Utval for levekår godkjenner Retningslinjer for Ungdomsrådet i Meland - revidert 2014. Punkt 5.2, 2. avsnitt vert justert jamfør drøfting i møte.

, den 22.05.2014

Eirik Bouwer Utne
kulturkonsulent